

Fra: Bjørn Inge Midtgård (Bjorn.Inge.Midtgard@hfk.no)

Sendt: 18.12.2017 09:00:52

Til: Banne Kaisa Tonheim (kaisa.banne@vegvesen.no)

Kopi:

Emne: VS: Spørsmål om fristen «inn til departementet»

Vedlegg: image001.png

T.o.

Med helsing

Bjørn Inge Midtgård

Seniorrådgjevar

Samferdselsavdelinga| transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 94 19 | Mob: 41685134

www.hordaland.no

Fra: Namtvedt Dag [mailto:Dag.Namtvedt@sd.dep.no]

Sendt: 14. september 2017 11:03

Til: Bjørn Inge Midtgård <Bjorn.Inge.Midtgard@hfk.no>

Kopi: Rydland Lars Tore <Lars-Tore.Rydland@kmd.dep.no>; Brattegard Ola <Ola.Brattegard@sd.dep.no>; Stokka Øyvind <Oyvind.Stokka@sd.dep.no>

Emne: Spørsmål om fristen «inn til departementet»

Hordaland fylkeskommune har i e-post til Kommunal- og moderniseringsdepartementet reist spørsmål om fristar for søknader om ferjeavløysingsordninga, etter regelverket som gjeld i 2017.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har bede Samferdselsdepartementet om å svara på spørsmåla.

Samferdselsdepartementet legg til grunn at fristen gjeld for når fylkeskommunen sender ein fullstendig og endeleg søknad til Statens vegvesen, jf. krava til ein endeleg søknad i brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 13. juni 2017. Fristen vil ikkje inkludera den interne handsaminga i vegvesen og departementa.

Helsing

Dag Namtvedt

Spørsmål om fristen «inn til departementet»

Hei, I følge retningslinjene for ferjeavløysing må søknaden vera behandla av fylkestinget og fylkestinget må ha gjort eit prinsippvedtak om prosjektet.

Planarbeidet for Masfjordbrua pågår no for fullt (sjå vedlagde framdriftsplan). Masfjorden kommune legg opptil 2. gangshandsaming av reguleringsplanen i veke 49/50.

Fylkesrådmannen i Hordaland legg opp til at fylkestinget 12. desember 2017 kan ta stilling til om det er aktuelt å søka om ferjeavløysingsmidlar til Masfjordbrua innanfor dagens ordning.

Vedtek fylkestinget å søka, skal den endelege søknaden, i følge retningslinjene, sendast til Statens vegvesen Region vest vidare til Vegdirektoratet og vidare til SD og KMD.

Me har nokre spørsmål som gjeld fristen «inn til departementet» 31.12.2017 for å få handsama søknaden etter gamle nøkkel:

1. Er 31.12.2017 fristen Vegdirektoratet har for å senda frå seg søknaden til Samferdselsdepartementet?
2. Ved vedtak i fylkestinget 12.12.2017, vil behandlinga i eksterne organ (SVV region, Vegdirektoratet) vera rask nok til å nå fristen «inn til departementet» ?

Svaret på spm.2, kan ha konsekvensar for om HFK skal nytta ressursar no for å bestilla KS2 for prosjektet.

Med helsing

Bjørn Inge Midtgård

Seniorrådgjevar

Samferdselsavdelinga| transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 94 19 | Mob: 41685134

www.hordaland.no